

Bykle kommune

Rådmannsstaben

Velforeiningane

Vår ref:
2008/168-2

Sakshandsamar:
Inger Lise Grønsand, ☐ 37938500

Arkivkode:
061

Dato:
25.03.2008

Referat frå påskemøtet 19.03.08

Til stades: Kay Jeiskelid, ordførar
Tallak Hoslemo, rådmann
Inger Lise Grønsand, kontorsjef
Olav Kyrvestad, IKT-rådgjevar
Knut Erik Paulsen, ingeniør
Kjell Pedersen Rise, dagleg leiar i Bykle og Hovden Vekst
Kenneth Pedersen Rise, dagleg leiar i Bykle Breiband
Olav Nese, Setesdal brannvesen IKS
29 personar frå velforeiningane

Alle fekk program og powerpoint presentasjon for møtet.

Tilleggskommentarar:

- Bykle kommune si heimeside: Dersom hyttevela ynskjer å legge inn eigen informasjon under fana for "Hyttebyklar" kan dei ta kontakt med kommunen for å få passord.
- Bykle kommune si heimeside: Vi set pris på tilbakemelding – ris og ros –
- Planar:
 - Hovden Aust: etter 1. gongsbehandling skal planen på høyring
 - Hovden sentrum: skal handsamast i kommunestyre 27. mars, deretter skal det inn eit designprogram. (Siste opplysningar: Saka er utsett til 24.04.08. Folkemøte på Hovden 23.04.08)
 - Hovden Sør (Midtregionen): kommunestyre 14. april/klagesaksbehandling, deretter til fylkesmannen
 - Kommunedelplan for tur og skiløyper: vert lagt ut på heimesida til offentleg ettersyn
- Viktig at alle melder inn adresseforandring, ny kontaktperson til velforeiningane

Spørsmål:

	Tema	Svar/oppfølging
1	Kan kommunen overta leidningsnettet i Hovden Sør? Etter møtet hausten 2007 var det eit stort ynskje frå velforeiningane at kommunen skulle overta.	Saka skal etter planen handsamast i kommunestyret 24.04.08. Alle anlegg må byggast etter gjeldande lov og føresegner for slike anlegg. Kontakt person er tenesteleiar Sigbjørn Fossdal.
2	Er tilskottet på kr 2000 pr hytteeigar til prosjektering kun nytta til Hovden Sør?	Ja
3	Er det mogeleg å få redusert hastigheita til 60 km/t mellom Hegni og sørenden av Hartevatn? Dersom det ikkje er mogeleg å få til permanent reduksjon – kanskje det går an å få det i vinterferie, påskeferie, joleferie?	Administrasjonen skal undersøke mogelegheitene.
4	Vil kommunen framleis satse på søppelbodar?	Ja
5	Når blir det sortering for hyttrenovasjon?	Ikkje avklåra ennå.
6	Tur- og løypeplan vert lagt ut til offentleg ettersyn – kan den også sendast til kvar velforeining?	Ja, vi setter opp velforeiningane på høyringslista.
7	Vil det bli løypesamband mellom Hovden, Solheimsmoen, Badstogdalen og Ørnefjell?	Ja
8	Ønskje om å gjere løypa frå Nordli og opp på fjellet betre.	Det er ei ”uversløype” – den vil ikkje bli endra med det fyrste.
9	Må få gangveg mellom Hovden sentrum og Breivekrysset.	Det vil bli jobba for å få den på plass i 2008 – planar er på gong. Det vert også jobba med å senke fartsgrensa til 40 km/t
10	Savner tilknytning mellom Lundane og Vidmyr.	Dette vert jobba med i Tur- og løypeplanen
11	Gangveg mellom Hegni og sørenden av Hartevatn? Ynskje om gangveg som også kan nyttast til røyrgate for vatn og kloakk.	Dei siste planane for vatn og kloakk er at røyrgata skal leggjast i vatnet.
12	Ynskje om å få med dei tilboda som brannvesenet har som eit vedlegg til neste utsending av rekninga for kommunale avgifter.	Tilboda vert lagt ut på Bykle kommune si heimeside, pluss under Hyttebyklar.
13	Når vil gangvegen opp til Fjellstoga vere ferdig?	Oktober 2008
14	Søppel: Kva kan vi gjere for å sleppe all søpla rundt omkring?	Kommunen har opplegg med skuleungane for årleg rydding. Velforeiningane må oppfordre sine medlemmar om å rydde på sitt felt Kommunen vil nok ein gong ta kontakt med utbyggjarane om å rydde opp etter seg
15	Ynskje om ar referat og presentasjonane vert sendt på mail til alle vela.	Det er knapt halvparten av foreiningane som har gitt oss mailadressa si – men dei som har vil få både på mail og i posten.

Med helsing
Inger Lise Grønsand
Kontorsjef

